



Manifest mot mobbing

Lærdal kommune 2011-2014

- Eit forpliktande samarbeid for eit godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø

"Alle barn og unge har rett til eit oppvekst- og læringsmiljø utan mobbing. FN si barnekonvensjon sler fast at barn og unge har rett til utvikling, medverknad, ikkje-diskriminering, omsorg, beskyttelse og sjølvrealisering. Mobbing svekkjer desse rettighetene."

I Manifest mot mobbing vert mobbing definert slik:

"Med mobbing meiner me gjenteken negativ eller "vondsinna" åtferd frå ein eller fleire retta mot nokon som har vanskeleg for å forsvare seg. Systematisk utestenging eller gjenteken erting på ein ubehageleg måte er og mobbing."

Lokale tiltak mot mobbing i Lærdal:

Me skal skape eit godt og inkluderande oppvekstmiljø i Lærdal med nulltoleranse for mobbing blant barn og vaksne. Dette skal me oppnå ved å

- gjennomføre årleg lokal trivselsundersøking for barn og unge mellom 6-16 år i tillegg til dei lovpålagde undersøkingane. Undersøkingane skal følgjast opp med drøftingar i personalet, elevrådet, foreldrearbeidsutvalet (FAU) og samarbeidsutvalet (SU) ved skulane og barnehagane
- jobbe målretta mot korleis me omgår kvarandre (folkeskikk) og språkbruk. Dette må skje i tett dialog mellom skule/barnehage og heimen
- auke kunnskapen om førebygging og handtering av mobbing i samarbeid med skule/barnehage og heimen
- bruke anti-mobbeprogram ved alle skular og barnehagar i Lærdal